

Sakshandsamar:

Eva Kristin Svidal
E-post: eva.kristin.svidal@sfj.no
Tlf.: 91169693

Vår ref.

Sak nr.: 16/7501-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

30943/16

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 16.09.2016

Notat

Frå: Fylkesdirektøren
Til: Hovudutval for næring og kultur

Fylkeskulturprisen 2016

Fylkeskulturprisen vert kvart år delt ut til ein eller fleire personar, eit lag eller ein organisasjon frå Sogn og Fjordane som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats ut over det vanlege, eller kreativitet og evne til nyskaping.

I retningslinene for prisen vedtatt i hovudutval for kultur, sak 55/13, står det at ei innstillingsnemnd utpeika av hovudutval for kultur vurderer og innstiller kandidat(ar) til fylkeskulturprisen. Hovudutval for kultur avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den.

I sak 2/15 gjorde hovudutval for næring og kultur vedtak om at innstillingsnemnda for fylkeskulturprisen 2015 og 2016 skal vere samansett slik:

- Medlem: Torbjørn Vereide, AP
- Medlem: Anne Kristin Lilleåsen, H
- Medlem: Erlend Haugen Herstad, SP
- Vara: Jakob Andre Sandal, SV

Fylkesdirektøren vil om kort tid annonsere i aviser og på sosiale mediar at ein no tar i mot forslag til kandidatar for 2016. Frist for å melde inn kandidatar er i følgje retningslinjene 1. november.

Det er ope for at også hovudutval for næring og kultur kan kome med forslag til kandidatar, og fylkesdirektøren vil med dette utfordre utvalet til å tenkje gjennom om det er kandidatar vi alt no kan/bør hente inn informasjon om med tanke på dei vurderingane innstillingsnemnda skal gjere.